Rammeavtale - Rode 6 - Vintervedlikehald 2025-2030 - Kvalsvik-Gjerde Garden

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, signert 15.10.2025 med ID-Porten: BankID
- MATS JØSOK KVALSVIK, signert 15.10.2025 med ID-Porten: BankID



Det signerte dokumentet innholder
• En forside med informasjon om signaturene
• Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
• Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge
Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig
Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

HERØY kommune

Rammeavtale

Vintervedlikehald / snøbrøyting av kommunale vegar, plassar, m.m.

Inngått mellom:

Kvalsvik-Gjerde Garden

(heretter kalla Leverandøren)

og

Herøy kommune

(heretter kalla Kunden)

Arkivreferanse: 25/7354

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av

Posten Norge

HERØY kommune

Innhald

1. Kunden 2
2. Alminnelege vilkår 2
2.1. Omfang og avgrensing 2
2.2. Roder avtalen gjeld 2
2.3. Varigheit og oppseiing – opsjon på forlenging 2
2.4. Prosedyre for bestilling av arbeid 2
2.5. Kontraktsvilkår ved utføring av arbeid 2
3. Leverandøren sine plikter 2
3.1. Utføring av tenester 2
3.2. Utstyr og maskiner 3
3.3. Ansvar for skade på tredjeparts eigedom 3
4. Kunden sine plikter 3
5. Sesonglengde / beredskapsperiode 3
6. Atterhald om endring av roder 3
7. GPS- registrering 4
8. Strøsand 4
9. Teieplikt 4
10. Møte 4
11. Løns- og arbeidsvilkår – Utgår 4
12. Vederlag og betalingsvilkår 5
13. Misleghald 5
13.1. Kva som vert rekna som misleghald 5
13.2. Varslingsplikt 5
13.3. Sanksjonar ved misleghald 5
13.3.1. Tilbakehald av ytingar 5
13.3.2. Prisavslag 5
13.3.3. Heving 5
13.3.4. Erstatning 6
14. Andre vilkår 6
14.1. Forsikringar 6
14.2. Force Majeure 6
15. Tvistar 6
16. Vedlegg til avtalen 7

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av

Posten Norge

1. Kunden

Rammeavtalen gjeld Herøy kommune, heretter omtala som «Kunden».

2. Alminnelege vilkår

2.1. Omfang og avgrensing

Rammeavtalen gjeld vinterdrift av kommunale vegar, plassar, m.m:

• Snøbrøyting

• Strøing

• Fresing

Kunden er ikkje forplikta til å kjøpe noka bestemt mengd tenester i avtaleperioden.

2.2. Roder avtalen gjeld

Rammeavtalen gjeld følgjande roder:

☐ Rode 1: Jøsok – Leikong – Nykrem – Djupvik – Ædane – Kjeldsund – Hestholmen - Kobbeneset

☐ Rode 2: Dragsund – Myrvåg – Aurvåg – Kalveneset – Tjørvågane til Smedvik

☐ Rode 3: Tjørvåg frå Smedvik – Trolldalen – Storneset – Bondestoksund – Sandvika – Moltustranda – Nautøya

☐ Rode 4: Røyra – Skinneset – Frøystad – Bø – Torvik – Sande – Mjølstadneset – Gjertneset - Eggesbønes

☐ Rode 5: Flusund – Leine – Voldsund – Remøy – Sævik – Runde

☒ Rode 6: Berge – Hjelmeset – Bergslia – Myklebust – Vikane - Grønhaug

☐ Rode 7: Kvalsvik – Kvalsund – Kopperstad – Igesund – Huldal – Fosnavåg sentrum

2.3. Varigheit og oppseiing – opsjon på forlenging

Rammeavtalen har ei varigheit på 1 år, med opsjon på forlenging i ytterlegare 1 + 1 + 1 + 1 år, slik at maksimal avtaleperiode kan verte 5 år. Fornying av avtalen vil skje automatisk, med mindre Kunden eller leverandør gir varsel om at Rammeavtalen ikkje vil fornyast seinast 1. juni før oppstart av ny brøytesesong.

Kunden har i alle høve ei rett til å seie opp Rammeavtalen med tre månaders skriftleg varsel.

2.4. Prosedyre for bestilling av arbeid

Arbeidet skal utførast i tråd med kravsspesifikasjonen pkt. 2 «Generelle krav», pkt. 9 «Generelle krav til standard for drift og vedlikehald», og pkt. 14 «Prioriteringsliste snøbrøyting / sandstrøing».

2.5. Kontraktsvilkår ved utføring av arbeid

Ved utføring av arbeid under denne Rammeavtalen gjeld NS 8406 «Forenkla bygg og anleggskontrakt» i tillegg til Rammeavtalen.

3. Leverandøren sine plikter

3.1. Utføring av tenester

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av

Posten Norge

Leverandør skal gjennomføre tenestene profesjonelt, effektivt, med høg fagleg standard og i tråd med Rammeavtalen.

Leverandør skal lojalt samarbeide med Kunden, og ivareta Kunden sine interesser.

Leverandør skal utføre tenestene i samsvar med ein kvar tid gjeldande lover og forskrifter.

Leverandør skal innhente og opprettholde alle nødvendige løyver i samband med utføringa av tenesta, og skal på Kundens førespurnad leggje fram dokumentasjon på at nødvendige løyver ligg føre.

Leverandør er ansvarleg for at fagpersonell som utførar teneste for Kunden har alle offentlege godkjenningar, fagbrev, sertifiseringar og liknande som er nødvendig for å utføre tenesta.

Leverandør skal sørge for at alt av fagpersonell har gyldig arbeidsløyve, og at lovbestemte krav til arbeidstid og overtid etterlevast.

Leverandøren skal sørge for at Kundens krav til løn- og arbeidsvilkår vert etterlevd gjennom heile avtalen.

Leverandør skal utan ugrunna opphald varsle om tilhøve som han forstår eller bør forstå kan få innverknad på gjennomføringa av tenesta, medrekna eventuelle forventa forseinkingar.

Leverandøren pliktar å svare på Kunden sine førespurnader så raskt som mogleg.

3.2. Utstyr og maskiner

Leverandør er ansvarleg for å ha alt naudsynt utstyr som krevjast for at arbeidet skal kunne utførast på ein tilfredsstillande måte. Dette gjeld spesielt i høve brøyting av grusvegar og brøyteskader på desse.

Utstyret skal vidare vere av ein slik art at arbeidet kan utførast effektivt utan unødig tidsbruk. Dette gjeld for eksempel breidde på plog, storleik på strøkasse og liknande.

3.3. Ansvar for skade på tredjeparts eigedom

Leverandør er sjølv ansvarleg for eventuelle skadar som oppstår på tredjeparts eigedom i samband med utføring av tenesta. Leverandør pliktar å ha forsikring som dekker slikt ansvar.

4. Kunden sine plikter

Kunden skal lojalt medverke til gjennomføring av tenesta.

Førespurnader frå Leverandør skal svarast på utan ugrunna opphald.

Kunden skal utan ugrunna opphald varsle om forhold som Kunden forstår eller bør forstå kan få innverknad på gjennomføringa av tenesta, medrekna eventuelle forventa forseinkingar.

5. Sesonglengde / beredskapsperiode

Brøytesesongen / beredskapsperioden varer frå veke 46 og i 17 veker.

Kunden kan bestille snøbrøyting utanom dette tidsrommet, dersom det ved særskilde vêrtilhøve vert nødvendig. Det blir ikkje gitt ekstra beredskapsgodtgjersle for slike særskilde tilhøve og det er ikkje høve til å fakturere anna enn medgått tid for slik særskild brøyting utanfor sesong. Det vil då verte avrekna etter Leverandøren sine gjeldande timesatsar.

6. Atterhald om endring av roder

Snøbrøytinga er delt inn i 7 roder med varierande lengder.

Kunden tek atterhald om at det i løpet av kontraktsperioden kan bli gjort endringar i vegmengdene/rodelengdene dersom det er naudsynt..

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av

Posten Norge

7. GPS- registrering

Kunden kan innføre GPS- registrering i brøyteeiningane i avtaleperioden. Kostnader med utstyr til dette fell på Kunden.

8. Strøsand

Kunden vil levere strøsand som Leverandøren skal bruke. Leverandøren må difor ha eigna plass til å oppbevare strøsanden, dersom ikkje anna er avtala med Kunden. Kunden dekkjer kostnaden knytt til innkjøp og levering av strøsand.

9. Teieplikt

Informasjon som partane vert kjende med i samband med Rammeavtalen og utføringa av tenesta, skal behandlast konfidensielt og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre parten. Teieplikta gjeld også etter at Rammeavtalen er avslutta. Tilsette eller andre som fråtrer tenesta si hos ein av partane, skal påleggast teieplikt også etter fråtredinga om forhold som nemnt ovanfor. Teieplikt er elles regulert i den enkelte tildelingsavtalen og i relevant lov eller forskrift.

10. Møte

Dersom ein part finn det nødvendig, kan parten med minst 3 (tre) verkedagars varsel innkalle til møte med den andre parten for å drøfte tilhøve knytt til Rammeavtalen og måten tenesta vert gjennomført på.

11. Løns- og arbeidsvilkår – Utgår

~~Leverandøren er ansvarleg for at eigne tilsette, tilsette hos underleverandørar (under dette innleigde) som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten har løns- og arbeidsvilkår i høve til:~~

- ~~Forskrift om allmenngjort tariffavtale.~~
- ~~Forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar av 8. februar 2008 der denne kjem til bruk. På område som ikkje er dekte av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal løns- og arbeidsvilkåra vere i høve til landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen. Med løns- og arbeidsvilkår meiner ein reglar om minste arbeidstid, løn, medrekna overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekning av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike reglar følgjer av tariffavtalen.~~

~~Leverandøren pliktar på førespurnad å dokumentere løns- og arbeidsvilkåra for eigne arbeidstakarar, arbeidstakarar hos eventuelle underleverandørar (under dette innleigde) som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten. Opplysningane skal dokumenterast ved mellom anna kopi av arbeidsavtale, lønsslipp, timelister og bankutskrift frå arbeidsgjevaren. Dokumentasjonen skal vere på personnivå og det skal gå fram kven han gjeld.~~

~~Dokumentasjonen kan inkludere komplett liste med namn på eigne og eventuelle tilsette til underleverandørar som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten, oversikt over allmenngjorde og/eller landsomfattande tariffavtalar som leggjast til grunn for den aktuelle bransjen og innsyn i leverandøren sine avtalte løns- og arbeidsvilkår med eventuelle underleverandørar.~~

~~På førespurnad frå oppdragsgjevar er leverandør plikta til å fylle ut eigenrapporteringsskjema. Eigenrapporteringa skal sendast til oppdragsgjevar innan éin månad etter kontrakten er signert, med mindre anna er avtalt. Eigenrapportering kan krevjast fleire gonger i løpet av kontraktsperioden.~~

~~Oppdragsgjevar og eventuell ekstern kontrollør som mottek opplysningane, har teieplikt om opplysningane. Teieplikta gjeld ikkje overfor Arbeidstilsynet eller Petroleumstilsynet, heller ikkje overfor~~

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av

Posten Norge

~~tilsette eller interne eller eksterne rådgjevarar som er naudsynte for å få språkleg, økonomisk, juridisk eller anna fagleg hjelp. Teieplikta gjeld også for rådgjevarane.~~

~~Dersom leverandør eller underleverandør får pålegg frå Arbeidstilsynet som gjeld løns- og/eller arbeidsvilkår, skal leverandøren utan opphald informere oppdragsgjevar ved kopi av pålegget. Om leverandøren eller underleverandøren ikkje utbetrar tilhøva i pålegget innan fristane sette av Arbeidstilsynet, vil dette bli rekna som misleghald av kontrakten.~~

~~Ved brot på krava til løns- og arbeidsvilkår skal leverandøren rette tilhøvet innan den fristen oppdragsgjevaren fastset. Der leverandøren sjølv oppdagar slikt brot gjennom internkontroll eller eiga oppfølging av underleverandørar, skal leverandøren utan opphald opplyse oppdragsgjevar om forholda og utbetre forholda innan frist fastsett av oppdragsgjevar.~~

~~Oppdragsgjevar har rett til å halde tilbake eit beløp tilsvarande ca. to gongar innsparinga for leverandøren. Tilbakehaldsretten opphøyrer så snart retting etter føregåande ledd er dokumentert.~~

~~Vesentleg misleghald av løns- og arbeidsvilkår hos leverandøren kan visast til av oppdragsgjevar som grunnlag for heving, sjølv om leverandøren rettar tilhøva. Om brotet har skjedd i underleverandørleddet (under dette bemanningsselskap), kan oppdragsgjevar krevje at leverandøren skiftar ut underleverandørar. Dette skal skje utan kostnader for oppdragsgjevar.~~

~~Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande vilkår.~~

12. Vederlag og betalingsvilkår

Alle prisar og nærare betalingsvilkår er nedfelt i kravsspesifikasjonen pkt. 16 «Pris».

13. Misleghald

13.1. Kva som vert rekna som misleghald

Det føreligg eit misleghald dersom ein av partane ikkje oppfyller forpliktingane sine etter Rammeavtalen, og det ikkje kjem av forhald som den andre parten er ansvarleg for, eller force majeure.

13.2. Varslingsplikt

Dersom ein av partane ikkje kan oppfylle pliktene sine som avtalt, skal parten så raskt som mogleg gi den andre parten skriftleg varsel om dette. Varselet skal opplyse om årsaka til problemet og så vidt det er mogleg angi når ytinga kan leverast. Tilsvarande gjeld dersom det må reknast med ytterlegare forseinkingar etter at første varsel er gitt.

13.3. Sanksjonar ved misleghald

13.3.1. Tilbakehald av ytingar

Ved misleghald frå Leverandøren kan Kunden halde betalinga tilbake, men ikkje openbert meir enn det som er nødvendig for å sikre Kunden sitt krav som følger av misleghaldet. Leverandøren kan ikkje halde tilbake ytingar som følge av misleghald frå Kunden, med mindre misleghaldet er vesentleg.

13.3.2. Prisavslag

Dersom det trass gjentatte forsøk ikkje har lykkast Leverandøren å avhjelpe ein mangel, kan Kunden krevje forholdsmessig avslag i kontraktssummen. Prisavslag er kompensasjon for redusert verdi av det leverte, og er uavhengig av eventuell erstatning.

13.3.3. Heving

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av
Posten Norge

Dersom det ligg føre vesentleg misleghald, kan den andre parten, etter å ha gitt den misleghaldande part skriftleg varsel og rimeleg frist til å bringe forholdet i orden, heve heile eller delar av avtalen med omgåande verknad.

Dersom det som er prestert fram til hevingstidspunktet, er av ein slik art at Kunden har lite eller inga nytte av det presterte på hevingstidspunktet, kan Kunden i samband med heving velje å krevje tilbakebetalt vederlag for jamlege timar og eventuelle utgifter som Leverandøren har tatt mot under avtalen, med tillegg av renter, tilsvarande NIBOR pluss 1 (ein) prosent, frå det tidspunktet betaling er skjedd. Elles skal Kunden, i den utstrekning Kunden kan utnytte desse ytingane som føresett, betale for ytingar som var presterte før hevingstidspunktet med frådrag av prisavslag i samsvar med punkt 13.3.2.

13.3.4. Erstatning

Ein part kan krevje erstatta kvart eit direkte tap, medrekna meirkostnader ved dekningskjøp, tap som kjem av meirarbeid og andre direkte kostnader i samband med forseinking, mangel eller anna misleghald i samsvar med punkt 13.1, med mindre den misleghaldande parten godtgjer at misleghaldet eller årsaka til misleghaldet ikkje skriv seg frå den misleghaldande parten.

Erstatning for indirekte tap kan ikkje krevjast. Indirekte tap omfattar, men er ikkje avgrensa til, tapt forteneste av alle artar, tapte innsparingar, tap av data, og krav frå tredjepartar med unntak av erstatningsansvar ein er dømt til for rettsmanglar.

Samla erstatning i avtaleperioden er avgrensa til eit beløp som svarer til avtalt vederlag eller eit øvre estimat for bistanden, eksklusive meirverdiavgift. Desse avgrensingane gjeld likevel ikkje dersom den misleghaldande parten eller nokon denne svarer for, har utvist grov aktløyse eller forsett.

14. Andre vilkår

14.1. Forsikringar

Kunden pliktar å ha forsikringar som er tilstrekkelege til å dekke dei krava frå Leverandøren som følgjer av Kunden sin risiko eller ansvar etter denne avtalen, innanfor ramma av alminnelege forsikringsvilkår.

Leverandøren pliktar å ha forsikringar som er tilstrekkelege til å dekkje dei krava frå Kunden som følger av Leverandøren sin risiko eller ansvar etter denne avtalen, innanfor ramma av alminnelege forsikringsvilkår. Denne forpliktinga vert rekna som oppfylt dersom Leverandøren teiknar ansvars- og risikoforsikring på vilkår som er rekna som ordinære innanfor norsk forsikringsverksemd.

14.2. Force Majeure

Skulle det inntreffe ein ekstraordinær situasjon som ligg utanfor partane sin kontroll som gjer det uråd å oppfylle plikter etter denne avtalen og som etter norsk rett må reknast som force majeure, skal motparten varslast om dette så raskt som mogleg. Forpliktingane til den ramma parten vert suspenderte så lenge den ekstraordinære situasjonen varer. Motytinga frå den andre parten vert suspendert i same tidsrom.

Motparten kan i force majeure-situasjonar berre heve avtalen med samtykke frå den ramma parten, eller dersom situasjonen varer eller er venta å ville vare lenger enn 90 (nitti) kalenderdagar rekna frå det tidspunktet situasjonen inntreff, og då berre med 15 (femten) kalenderdagars varsel.

15. Tvistar

Partane sine rettar og plikter etter denne Rammeavtalen vert i heilskap fastsette av norsk rett.

Dersom det oppstår tvist mellom partane om tolkinga eller rettsverknadene av Rammeavtalen, skal tvisten først søkast løyst ved forhandlingar mellom partane.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av

Posten Norge

Dersom ein tvist i tilknyting til Rammeavtalen ikkje vert løyst etter forhandlingar, kan partane forsøke å løyse tvisten ved mekling.

Partane kan velje å legge Den Norske Advokatforening sine reglar for mekling ved advokat til grunn, eventuelt modifisert slik partane ønsker. Det er føresett at partane vert samde om ein meklar med den kompetansen partane meiner passar best ut frå tvisten.

Den nærare framgangsmåten for mekling vert fastsett av meklaren, i samråd med partane.

Dersom ein tvist ikkje vert løyst ved forhandlingar eller mekling, kan kvar av partane forlange tvisten avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Kunden sitt heimting er verneting.

Partane kan alternativt avtale at tvisten vert avgjort med endeleg verknad ved skilsdom.

16. Vedlegg til avtalen

1. Leverandør sitt tilbodsbrev
2. Kunde sin kravsspesifikasjon
3. Kart brøyterode

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av

Posten Norge

Tilbodsbrev – Intervedlikehald - Snøbrøyting

Opplysningar om leverandøren	
Namn på verksemda	Kvalsvik-Gjerde Garden
Organisasjonsnummer	919710462
Postadresse	Brekkevegen 6
Postnummer	6098
Sted	Nerlandsøy

Opplysningar om kontaktperson for tilbodet	
Namn	Mats Jøsok Kvalsvik
Stilling	Dagleg Leiar
E-postadresse	matsjk@icloud.com
Telefonnummer	95106809

Opplysningar om den som signerer tilbodet elektronisk ved levering	
Namn	Mats Jøsok Kvalsvik
Stilling	Dagleg Leiar
Fullmakt	Fullmakt i kraft av stillinga

Leverandøren nemnt over gir med dette vedlagde tilbod i samsvar med dei vilkåra som kjem fram av konkurransegrunnlaget, inkludert kontraktsvilkåra.

DERSOM LEVERANDØR LEVERER TILBOD PÅ FLEIRE RODER, SKAL DET LEVERAST EIT TILBODSBREV PR RODE.

1. **Leverandøren sitt tilbod gjeld følgjande rode (kryss ut roden du leverer tilbod på):**

~~☐ Rode 1: Jøsok – Leikong – Nykrem – Djupvik – Ædane – Kjeldsund – Hestholmen - Kobbeneset~~

~~☐ Rode 2: Dragsund – Myrvåg – Aurvåg – Kalveneset – Tjørvågane til Smedvik~~

☐ Rode 3: Tjørvåg frå Smedvik - Trolldalen - Storneset - Bondestoksund - Sandvika - Moltustranda - Nautøya

☐ Rode 4: Røyra - Skinneset - Frøystad - Bø - Torvik - Sande - Mjølstadneset – Gjertneset - Eggesbønes

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av

Posten Norge

☐ Rode 5: Flusund – Leine – Voldsund – Remøy – Sævik – Runde

☒ Rode 6: Berge – Hjelmeset – Bergslia – Myklebust – Vikane - Grønhaug

☐ Rode 7: Kvalsvik – Kvalsund – Kopperstad – Igesund – Huldal – Fosnavåg sentrum

2. Køyretøy

Opplysningar om køyretøya som skal nyttast ved løysing av oppdraget.

Hovedkøyretøy

Modell	Massey Ferguson 5s
Årstal	2021
Storleik (hestekrefter)	145
Fart (km/t)	40
Firehjulstrekk (ja/nei)	ja
Euroklasse/Stage	Euro 5
Skildring av plog (med modellnamn)	Tokvam v plog 240
Skildring av fres (med modellnamn)	Globus 250
Skildring strøkasse (med modellnamn)	Dalen strøkasse 220
Roder køyretøyet blir brukt på	Rode 6 og 7
Verkstadavtale ved havari (ja/nei)	ja
Eventuelle tilleggsopplysningar	Prøvt utstyr og tilpassa roda

Reservekøyretøy

Modell	Massey Ferguson 5711
Årstal	2019
Storleik (hestekrefter)	110
Fart (km/t)	40
Firehjulstrekk (ja/nei)	ja
Euroklasse/Stage	Euro 5
Skildring av plog (med modellnamn)	Dalen Bakskjær
Skildring av fres (med modellnamn)	
Skildring strøkasse (med modellnamn)	
Roder køyretøyet blir brukt på	Rode 6 og 7
Eventuelle tilleggsopplysningar	Vurderer kjøp av plog

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av

Posten Norge

3. Mannskap

Oversikt over mannskap som skal gjennomføre avtalen:

Namn	**Relevant erfaring:** A: Under 1 år B: 1-5 års erfaring C: meir enn 5 års erfaring	**Hovudsjåfør eller reserve** (H/R)
Mats Jøsok Kvalsvik	c	H
Knut Arvid Kvalsvik	C	H
Roy morten Skår	C	R

Avvik	
Ved å signere på skjemaet, stadfestar leverandøren at han aksepterer alle forhold, krav og vilkår i samsvar med vilkåra i konkurransegrunnlaget, i den grad ikkje noko annet går frem under.	
Inneheld tilbodet avvik frå kontraktsvilkår eller kravspesifikasjonen?	☒ Ja ☐ Nei
Om ja: • Kva går avvika ut på? • Kva er grunnen til avvika? • Korleis påverkar avvika prisen og andre sider av tilbodet?	Underteikna og Leif Morten Igesund ønskjer å samkøyre rode 6 og 7, og fordele vegstrekka på ein anna måte en definert av kommuna. Meir spesifikt blir det at evnt underteikna tek seg av Nerlandsøya og det meste i området skulane og Bergslia. Dette vil sikre ei meir effektiv og rasjonell drift. Etter samtale med kommuna, tolkar vi det slik at det let seg gjere. Kjem evnt tilbake med spesifikke område om vi får tillslag. Undertekna har også eit ynskje om å kjøpe strøsand med Herøy kommune. Avtalen ynskjer eg som oppdragstakar å ha opsjon på 1+1+1+1+1 med oppseiing seinast 1/6 før den komande brøytesesongen

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av

Posten Norge

Teiepliktplikt	
Oppdragsgjevar har teieplikt om opplysningar om «tekniske innretningar og framgangsmåtar samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betyding å hemmeleghalde av omsyn til den som opplysninga angår» i tilbodet, jf. forvaltningslova § 13. Teieplikta gjeld ikkje dersom den som har krav på teieplikt samtykker til at opplysningane gis ut. Ved å signere på skjemaet stadfestar leverandøren at han har identifisert alle teiepliktige opplysningar under. Leverandøren samtykker videre i at oppdragsgjevar gir allmennheita – inkludert konkurrentar – fullt innsyn i alle andre opplysningar enn dei som er angitt under.	
Inneheld tilbodet opplysningar som er underlagt teieplikt?	☐ Ja ☒ Nei
Om ja: • Kva opplysningar gjelder det? • Kvar finnast opplysningane i tilbodet? • Kvifor er opplysningane underlagt teieplikt?	Klikk her for å skrive inn tekst

Erklæring og signatur	
Vi gir med dette tilbod på Vintervedlikehald / Snøbrøyting. Vi vedstår oss tilbodet i 30 dagar.	
Stad og dato:	Kvalsvik 10.10.2025
Underskrift:	Mats J Kvalsvik

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av

Posten Norge

KRAVSPESIFIKASJON

1. Om oppdraget

Herøy kommune (oppdragsgjevar) ønsker å inngå kontrakt på vintervedlikehald/ snøbrøyting av kommunale vegar, gang- og sykkelvegar, parkeringsplassar og areal knytt til kommunale bygningar. Kontrakt ønskast på 5 roder (delkontrakter).

Herøy kyrkjelege Fellesråd deltek og i rammeavtalen, og skal ha levert snøbrøyting av parkeringsplassar/vegar på rodene 1-3 og 5-7. Det vert inngått eigne avtaler mellom Herøy kyrkjelege Fellesråd og leverandør på desse rodene på same vilkår og timeprisar, men Herøy kyrkjelege Fellesråd betalar ikkje eige beredskapsgodtgjersle til leverandør.

Oppdragsgjevar har ei ordning der ein betalar ein fast pris pr time som vert fastsett ut ifrå kva type utstyr den enkelte leverandør stiller til disposisjon. Beredskapsgodtgjersla er ein fast sum pr sesong. Prisen skal dekke alle kostnadar og materiell som leverandør har.

Snøbrøytinga består i å utføre vintervedlikehaldet i Herøy kommune *etter "Prioriteringsliste snøbrøyting/sandstrøing"*, jf. pkt. 13..

Leverandøren plikter seg til å utføre vedlikehaldet etter denne prioriteringslista og/eller etter instruksar frå oppdragsgjevar, kontaktperson eller anna person frå Herøy kommune og Herøy kyrkjelege Fellesråd som er gitt mynde.

Leverandør er ansvarleg for å ha alt naudsynt utstyr som krevjast for at arbeidet skal kunne utførast på ein tilfredsstillande måte.

Leverandøren må ta høgde for endringar innafor vegnettet i avtaleperioden.

2. Generelle krav

- Leverandøren skal sjølv sørge for at han har tilgjengeleg utstyr, mannskap, kompetanse og informasjon som er nødvendig for å utføre arbeidet i samsvar med kontrakten.
- Køyretøy skal oppfylle gjeldande krav til køyretøyet, og være registrert. Køyretøyet skal være utstyrt med varsellys/lysutstyr i samsvar med vegvesenet sine normer.
- Køyretøyet skal ha minimum 80 hk motoreffekt.
- Leverandøren skal utføre kontraktarbeidet på ein fagmessig og aktsam måte, og legge vekt på sikkerheit slik at skade på person og eigedom vert unngått
- Spesiell aktsemd skal utvisast i forhold til trafikktryggleik, trafikkavvikling, arbeidsmiljø og ytre miljø.
- Arbeidet skal utførast i samsvar med aktuelle lover, forskrifter og retningsliner.
- Arbeidet skal utførast slik at trafikantane, vegens naboar og øvrige omgjevnadar i minst mogleg grad vert forstyrra av arbeidet.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av

Posten Norge

- Det skal nyttes maskiner og utstyr som ikkje skadar vegnettet.
- Arbeidet skal gjennomførast på ein samarbeidsorientert og ikkje konfliktorientert måte.
- Ved skader eller alvorlege hendingar skal oppdragsgjevar ha melding umiddelbart.
- Leverandør skal ha forsikring som dekker skade på oppdragsgjevar og tredjeperson.

3. Fakturering

Det skal sendast faktura kvar månad i brøytesesongen. Vedlagt med faktura skal det ligge daterte timelister som synar starttidspunkt og sluttidspunkt. Det skal sendast separat faktura til Herøy kommune og Herøy kyrkjelege Fellesråd.

Etter avslutta brøytesesong skal alle faktura som gjeld snøbrøyting for siste sesong, vere innsendt til kommunen innan 30. april. Krav etter dette, vil ikkje verte utbetalt.

4. Behandling og rapportering av manglar og avvik

Leverandøren skal svare på oppdragsgjevars meldingar om avvik og manglar og utbetre desse så snart som mogleg etter avtale med oppdragsgjevar.

5. Tilsyn og inspeksjon

Oppdragsgjevar kan etablere ordningar for tilsyn og inspeksjon slik at ein kan ha kontroll med kvaliteten på tenesta.

6. Private vegar

Oppdragsgjevar tilbyr ikkje snøbrøyting av private vegar.

Oppdragsgjevar er ikkje part i eventuelle avtaler om snøbrøyting som leverandør inngår med private/tredjemann, og det vert sett krav om at leverandør gir prioritet til snøbrøyting for oppdragsgjevar, før eventuelle oppdrag for private/tredjemann vert utført.

7. Beredskapsperiode

Beredskapsperioden startar i veke 46 og varer i 17 veker.

Dersom behov for snøbrøyting oppstår utanfor beredskapsperioden, skal leverandør avklare behovet for snøbrøyting med teknisk vakt.

Det vert ikkje gitt ekstra beredskapsgodtgjersle ved snøbrøyting utanom beredskapsperioden.

Ved snøbrøyting utanom beredskapsperioden vert det utbetalt ordinær timepris for utført arbeid.

8. Rodene

Denne konkurransen gjeld 5 separate roder. Det skal leverast separate tilbod pr. rode. Oppdragsgjevar evaluerer den enkelte rode kvar for seg og tildeler oppdrag pr. rode som separat kontrakt.

Det er høve til å gi tilbod på fleire roder under føresetnad av at tilbydar har tilgang til eigna utstyr med sjåfør for kvar rode.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av

Posten Norge

9. Generelle krav til standard for drift og vedlikehald

1. Vegane skal vere framkommeleg for køyretøy som er normalt utstyrt for vinterkøyring. Dette skal oppnåast ved å redusere mengda snø og is på vegen, samt sikre tilstrekkeleg veg-grep for trafikantane.

2. Gang- og sykkelveg og fortau skal gje gåande framkomelegheit samt eit sikkert trafikkmiljø.

3. Parkeringsareala skal vere tilgjengelege iht. behov slik at trafikantane ikkje må parkere på andre areal i vegbana, evt. skal desse brøytast den tida på døgnet det er minst parkering.

4. Bruksareal og tilkomstvegar til skule, barnehagar og kommunale institusjonar skal brøytast og ryddast for snø slik at ferdsel til og frå institusjonane ikkje vert hindra og slik at areala er framkommelege og tenlege for institusjonane sine brukarar og besøkande.

10. Henvendingar frå publikum

Når leverandøren utfører oppdrag for Herøy kommune, er han i denne samanheng å sjå på som kommunen sin representant. Publikum som leverandør i denne samanheng har kontakt med, skal behandlast på ein respektfull måte.

Oppstår det tvist / spørsmål som leverandøren ikkje kan svare på eller ta stilling til, skal vedkomande visast vidare til rette vedkomande i kommunen.

11. Utstyr

Køyretøyet skal vere tilpassa behovet på roda, og skal kunne ta seg fram på alle vegar utan å påføre veg, vegutstyr eller tredjemann skader. Det skal også vere skodd for å ta seg fram på alle strekningar på roda.

12. Strøsand

Oppdragsgjevar held strøsand. Strøsand kan hentast på opplyst lokasjon, eller kan køyrast ut til leverandør etter nærare avtale med oppdragsgjevars kontaktperson.

13. Elektronisk flåtestyring - GPS

Herøy kommune vurderer å innføre eit system for elektronisk flåtestyring. Dersom dette vert tatt i bruk, plikter leverandørane å registrere seg og ta dette i bruk (kostnadsfritt for leverandørane).

Oppdragsgjevar vil i så fall låne ut Pad med programvare som skal nyttast, og gje naudsynt opplæring.

14. Prioriteringsliste snøbrøyting / sandstrøing

Alle kommunale vegar skal vere gjennombrøytte til kl 07.00 og elles etter behov. Vert utført etter følgjande prioriteringsrekkefølgje:

1. Kommunale vegar.
   Gangvegar langs kommuneveg og fylkesveg.
   Haldeplassar / snuplassar m.v. for kollektivtransport.
   Vegar og plassar i tilknyting til offentlege helsesenter/legesenter, aldersheimar og sjukeheimar, skular og barnehagar.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av

Posten Norge

2. Parkeringsplassar ved gravplassar
3. Offentlege kaier og andre plassar som er opne for allmenn ferdsel.
   Veg til Mørkevatnet og andre vasskjelder.

Ved gravferd, så vil Herøy kyrkjelege Fellesråd kontakte leverandør for å avtale snøbrøyting av parkeringsplass dersom det er behov for ekstra snøbrøyting. Det skal då prioriterast av leverandør.

15. Brøyteroder

Rode nr:	Område roda gjeld (kommunale og private vegar)
1	Jøsok – Leikong – Nykrem – Djupvik – Ædane – Kjeldsund – Hestholmen - Kobbeneset
2	Dragsund - Myrvåg - Aurvåg - Kalveneset - Tjørvågane til Smedvik
3	Tjørvåg frå Smedvik - Trolldalen - Storneset - Bondestoksund - Sandvika - Moltustranda - Nautøya
4	Røyra - Skinneset - Frøystad - Bø - Torvik - Sande - Mjølstadneset – Gjertneset - Eggesbønes
5	Flusund – Leine – Voldsund – Remøy – Sævik – Runde
6	Berge – Hjelmeset – Bergslia – Myklebust – Vikane - Grønhaug
7	Kvalsvik – Kvalsund – Kopperstad – Igesund – Huldal – Fosnavåg sentrum

16. Pris

Oppdragsgjevar tilbyr desse prisane til entreprenørane for sesongen 2025/2026:

Køyretøy inklusiv brøyteutstyr	NOK pr. time eks.mva
Traktor med inntil 150 hk	1 197,-
Traktor med 151 hk og over	1 224,-
Tillegg pr time ved strøing	73,-
Tillegg pr time ved fresing	153,-
Beredskap	NOK pr. sesong eks.mva
Beredskapsgodtgjersle, 17 veker	125 000,-

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av

Posten Norge

Det vert inngått eigne avtaler mellom Herøy kyrkjelege Fellesråd og leverandør på same vilkår og timeprisar, men Herøy kyrkjelege Fellesråd betalar ikkje eige beredskapsgodtgjersle til leverandør.

17. Prisregulering

Prisane kan endrast for kvar brøytesesong, tilsvarande aukinga i Statistisk sentralbyrås kostnadsindeks for drift og vedlikehald av vegar/vinterdrift av vegar, med utgangspunkt i indeksen for den månad avtalen vart inngått.

Prisane kan også endrast i den utstrekning reglar eller vedtak for offentlege avgifter endrast med vesentleg verknad for Leverandørens prisar eller kostnader.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
- MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Forseglet av

Posten Norge

Dokumentet er signert digitalt av:
• TROND ARNE ROSSI AGLEN, 15.10.2025
• MATS JØSOK KVALSVIK, 15.10.2025

Rode 6: Berge – Hjelmeset – Bergslia – Myklebust – Vikane – Grønhaug



Forseglet av
Posten Norge